



Reglement for Vindafjord ungdomsråd

Vedtatt av Vindafjord kommunestyre i møte 05.05.20, sak 016/20.

Innhald

| | |
|---|---|
| 1. Innleiing..... | 3 |
| 2. Formål..... | 3 |
| 3. Val og samansetjing | 3 |
| 4. Kva saker skal ungdomsrådet arbeida med? | 4 |
| 5. Mynde | 4 |
| 6. Rettar og plikter | 5 |
| 7. Opplæring.. | 5 |
| 8. Årsmelding | 5 |

1. Innleiing

Reglementet er utarbeidd i medhald av Kommunelova, forskrift om medverknadsordningar, og rettleiar for ungdomsråd.

Namn: Vindafjord ungdomsråd (VUR)

2. Formål:

Rådet skal bidra til at ungdom blir sikra breid, open og tilgjengeleg medverknad i alle saker som gjeld dei. Rådet tar ikkje opp saker som gjeld einskildpersonar, men saker av prinsipiell karakter som vedkjem ungdom som gruppe. Ungdomsrådet skal gi råd til kommunen slik at kommunestyret har eit betre grunnlag for sine avgjersler.

Ungdomsrådet skal inspirera ungdom i Vindafjord til å delta i den demokratiske prosessen og engasjera ungdom i praktisk politisk arbeid.

Ungdomsrådet skal fremja aktiviteter, skapa idear og saman med andre organ arbeida for nye tiltak til gagn for ungdom.

3. Val og samansetjing

Ungdomsrådet består av 7 medlemmer med 5 varamedlemmer. Kwart kjønn skal vera representert med minst 40%.

Kommunestyret vel medlemmer til ungdomsrådet. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar i det første møtet.

Valperioden for ungdomsrådet er to år. Nytt råd skal veljast kvar haust etter at Kommunestyre- og fylkestingsval, eller Stortingsval er gjennomført. Leiar og nestleiar vert valde for eitt år.

Valform og prosess vert organisert av administrasjonen. Rådmannen utarbeider ein rutine for val i medhald av rettleiaren for ungdomsråd. Målet er å ha eit breitt representativt råd ift. alder og bustad m.m. Medlemmer i ungdomsrådet skal vera busette eller ha heimeadresse i Vindafjord kommune. Medlemmene kan veljast blant ungdom mellom 13 og 18 år. Det vil seia dei som fyller 13 år i valåret, og dei som ikkje har fylt 19 år på valtidspunktet.

Kommunestyret oppnemner ein politisk representant og ein vararepresentant som har møte-, tale- og forslagsrett i rådet. I tillegg til leiar og nestleiar i rådet, skal den politiske representanten vera bindeleddet inn mot kommunestyret og andre politiske utval.

Ungdomsrådet kan oppretta arbeidsutval og arbeidsgrupper etter eige ynskje og behov.

4. Kva saker skal ungdomsrådet arbeida med?

Ungdomsrådet er eit rådgivande organ for kommunen, og har rett til å uttala seg i alle saker som gjeld ungdom i kommunen. Rådet sine uttalar i den konkrete saka skal følgja saksdokumenta til det kommunale organet som avgjer saka endeleg.

Kommunestyret skal sikra at ungdomsrådet får sakene så tidleg i prosessen at rådet har moglegheit til å påverka avgjerslene som skal takast. Rådmannen utarbeidar rutine for tidleg involvering, koordinator- og sekretariatsfunksjon (sjå også punkt 6).

Ungdomsrådet kan behandla saker innan ulike område, for eksempel:

- kultur- og fritidstilbod
- skulesaker
- helsetilbod
- samferdsel og kollektivtilbod
- miljø saker
- kommunen sitt årsbudsjett og økonomiplan
- arealplanlegging
- kommuneplanar

Lista er ikkje uttømmende.

Dersom det er tvil om ei sak bør takast opp i ungdomsrådet, bør ungdomsrådet spørjast om det ynskjer å uttala seg i saka.

Rådet kan ta opp saker på eige initiativ.

Ungdomsrådet har utover dette mandat til å arbeida med eigne saker og tiltak åleine, eller i samarbeid med kommunen sin administrasjon eller andre.

5. Mynde

Representant frå ungdomsrådet kan, etter avtale og når det blir vurdert som formålstenleg, få møta i kommunestyret/politiske utval for å uttala seg til saker som skal handsamast og initiera nye tiltak.

Ungdomsrådet får delegert mynde til å disponera eventuelle midlar som kommunestyret løyver til rådet. Rekneskapen skal då førast som ein del av kommunen sin rekneskap.

6. Rettar og plikter

Medlemmene av ungdomsrådet er folkevalde etter kommunelova. Medlemmene av rådet har same rettar og plikter som andre folkevalde:

Møteplikt og forfall: Plikt til å delta i rådet sine møte dersom dei ikkje har gyldig forfall. Dersom ein medlem er sjuk, vil det vera ein gyldig forfallsgrunn.

Møtegodtgjersle: Krav på møte- og reisegodtgjersle, samt eventuell tapt arbeidsforteneste, jf. kommunen sitt gjeldande «Reglement for godtgjersle til folkevalde».

Tieiplikt: Ungdomsrådet er eit forvaltningsorgan i medhald av forvaltningslova. Rådet sine medlemmer har difor tieiplikt etter forvaltningslova.

Møteplan: Ungdomsrådet vedtar sin eigen møteplan, som skal tilpassast møteplanen kommunestyret har vedtatt for kommunestyret og politiske utval.

Koordinator- og sekretariatsfunksjon: Rådet skal verta gitt tilstrekkeleg sekretariatshjelp på lik line med andre politiske utval i kommunen. Rådmannen avgjer, med utgangspunkt i rettleiar for ungdomsråd, korleis sekretariatshjelpa og koordineringsansvaret skal organiserast.

Det vert for øvrig vist til kommunelova, forvaltningslova, og til fylgjande reglement i kommunen: «Reglement for Vindafjord kommunestyre», «Reglement for godtgjersle til folkevalde» og «Politisk delegeringsreglement».

7. Opplæring

Opplæringa av medlemmene i ungdomsrådet bør skje så raskt som mogleg etter oppstart. Rådet bør få informasjon og opplæring, slik at medlemmene blir i stand til å ivareta oppgåva som rådsmedlem. Tema som kan inngå i opplæringa er informasjon om offentleg forvaltning, ungdomsrådet si rolle, møte med politikarar og administrasjon, forventningar og krav og rettar.

8. Årsmelding

Ungdomsrådet skal leggja fram årsmelding kvart år. Meldinga bør blant anna innehalda kven som har vore representantar, kva saker som er handsama, kva råd og uttalar som er gitt og kva eigne initiativ rådet har tatt. Rapporten skal innehalda ei vurdering av den påverknadskrafta ungdomsrådet meiner det har hatt. Årsmeldinga skal leggjast fram for kommunestyret.